

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Stein Kittelsen
Arkivsaksnr.: 17/1395 - 8

Arkiv: 145

Planlagt behandling:

Økonomiutvalet

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2018 - 2021

Saksgang:

Økonomiutvalet sitt forslag til budsjett 2018 og økonomiplan for perioden 2018-21 revidert med endringar frå møtet 30 oktober, vert publisert på kommunen sin nettside, og vert sendt på høyring med frist for uttale 23. november.

Formannskapet gir innstilling til kommunestyret i møte 27. november.

Handlingsplanen vert lagt ut til offentlig høyring i samsvar med kommuneloven frå 27. november til 11 desember.

Kommunestyret vedtek budsjettet 11. desember.

Forslag til betalingssatsar går fram av vedlegg og kommentarar. Desse vert vedtekne som ein del av budsjettsaka så sant ikkje særskilde forhold tilseier at det vert egne saksframlegg.

Lønsreservane og nokre av pensjonspostane er budsjettert i fellespostar. Rådmannen ber om fullmakt til å fordela desse på rammene i samsvar med resultata av lønsforhandlingane og endringar frå pensjonsleverandørane. Avvik i forhold til samla budsjett vert rapportert.

Vedlegg:

Økonomiutvalet sitt forslag til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 er tilrettelagt for nettleasing og tilgjengeleg på kommunen sin nettstad under menypanelet "Økonomi", og på direkte link:

<https://www.klepp.kommune.no/planer-og-rapporter/utkast-budsjett-og-okonomiplan-2018-2021/>

Planen på nett vert oppdatert i samsvar med vedtak i økonomiutval, formannskap og kommunestyret eit par dagar etter vedtaka er fatta.

Innstilling:

- A Forslag til budsjett for 2018 og økonomiplan for 2018-2021 i skjema 1A, 1B, 2A, og 2B vert godkjent.

B Nettoramme for kvart rammeområde for 2019 vert lagt til grunn i utarbeidinga av rammene for 2019.
- Forskotsskatt og forskotstrekk på formue og inntekt vert rekna etter dei maksimale satsar Stortinget vedtek for 2017.

 - Skatt på inntekt xx,x %
 - Skatt på formue x,x %

3. A Til finansiering av investeringar i 2018 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr xx.xxx.xxx,- som fordeler seg slik:
- | | |
|--|-----------------|
| 1. Ordinære investeringar... | kr xx.xxx.xxx,- |
| 2. VAR-investeringar... | kr xx.xxx.xxx,- |
| 3. Bustader Husbanken | kr xx.xxx.xxx,- |
| 4. Lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån) | kr xx.xxx.xxx,- |
| 5. | |
- B Nedbetalingstid på lån 2019-2021, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskride 30 år.
Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskride 25 år.
- C Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i gjeldande finansreglement.
- D I medhald av forskrift om startlån frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på 0,25 % pr. utlån.
4. A Framlegg til mål 2019 vert godkjent.
- B Under område økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:
1. Netto driftsresultat i % av driftsinntektene: > 1,5 %
 2. Lånefinansiering i % av finansieringsbehov < 70 %
 3. Disposisjonsfond i % av driftsinntektene > 5 %
 4. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld – utlån - ubrukte lån) i < 60 % av driftsinntektene
5. Kommunale avgifter/gebyr og betalingssatsar vert vedtatt i samsvar med vedlegg.

Rådmannen i Klepp 24.10.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.